



Karoline har ein allsidig bakgrunn frå Vertshuset og Systrene Nilsen. Her reknar ho quizpoeng saman med Bjørn Sture Hillestad!

**Karoline Neset (21) frå Uskedalen er tilsett som ny dagleg leiar for Systrene Nilsen etter Morten Nilsen, som er fulltidstilsett i GroupOn i Bergen, Ho kjem til å ha ansvaret for den daglege drifta framover og når høysesongen byrjar for fullt midt i juni.**

**Systrene Nilsen opplysar at restauranten satsar på laurdagsope frå 21. april og vil halda ope stort sett kvar laurdag fram til feillesferien**

Den nye leiaren studerer no statsvitenskap ved Universitetet i Bergen og har 4 år att av studiet, Ho har tidlegare studert økonomi . Målet hennar er utanrikstenesta, men ho har allereie ein allsidig bakgrunn frå restaurantbransjen.

Ho jobba i tidlegare Vertshuset då det var eigd av Røssland og hjå Systrene Nilsen sidan sidan oppstart i fjor påske. Til no har ho vore 4 sommarsongar i restauranten. Karoline er utdanna bartendar.

Systrene Nilsen gjev uttrykk for at dei er særst glade for å ha akkurat Karoline med fleire solide støttespelarar på laget i den kommande sesongen. Ho svarar slik når uskedalen.no spør kvifor ho vil satsa på ein så stressprega jobb. - Det er veldig sosialt, Det er mange kjekke kundar og eg likar å ha kontakt med folk.

Difor blir Karoline å finna bak bardisken framleis sjølv om ho er leiar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen